



## Innspel frå Alver kulturråd

### Plan: Temaplan friluftslivet ferdselsårer sin Ro og padleplan i Alver kommune

*Alver kulturråd består av medlemmar frå kultureltererte lag i kommunen. For å bli medlem i Alver kulturråd må laget vere godkjent av styret i Alver kulturråd. Medlemslaga i Alver kulturråd har ei mangeårig erfaring frå arbeid og aktivitet i lokalmiljøet sitt og er ein viktig aktør i samfunnsutviklinga.*

*Alver kulturråd har ein samla kompetanse på kulturfeltet som det er viktig å ta med i utvikling av Alver kommune som ein god stad å vere. Det er viktig for demokratiet og sluttresultatet at medlemslaga får eigarskap til arbeidet som skal gjerast. Difor er det avgjerande at Alver kulturråd blir inkludert i planlegging så tidleg som mogleg og kan mobilisere kulturlivet, noko dei har vorte i denne planen.*

Alver kulturråd meiner det er gjort eit godt og grundig arbeid med planen.

Rådet seier seg einig i resultatmåla for planen og peikar på at det er særskild viktig at det vert inngått avtalar med private, eller andre aktørar, på dei stadene som er vurderte som anbefalte utsetjingsstader for umotorisert ferdsel på sjø og vatn om bruk av parkering og vedlikehald av desse.

Alver kulturråd vil minne om at det er viktig å sjå samanheng mellom eksisterande planar og tiltak og arbeidet som no gjerast, med nemnte temaplan. Som døme kan nemnast koordinering av

- kartlegging og verdsetting av lokale friluftsområde
- skilting (turskiltprosjekt/kulturminneskilting/kulturlandskapsskilting/skuleprosjekt m.m.)
- gradering av løyper
- verving av stor slitasje i terrenget
- jakt og fiskeområder
- naturvernområde
- turkonkurransar (stolpejakt, turkort, turkasser med bøker m.m.)

På vegne av styret i Alver kulturråd

Ivar Hopland, leiar

